

# Evaluering av Jærskulen 2013-2019



### Bakgrunn:

Jærskulen vart etablert som eit forpliktande samarbeid om skuleutvikling hausten 2013. Prosjektet skulle evaluerast etter 6 år. Hovudevalueringa skal sjå på om, og korleis samarbeidet skal vidareførast (ref. innleiing i midtvegsevalueringa frå 2016).

Jærskulen sitt mål og prinsippdokument vart laga i 2011. Hausten 2013 starta ein arbeidet. Tre år etter fekk ein midtvegsevalueringa i november 2016, og hausten 2018 starta ein opp med hovudevalueringa av Jærskulen.

Det er komplekse samanhengar mellom tiltak og resultat i skuleområdet. Jærskule-samarbeidet har hatt mål om betre læringsutbytte og læringsmiljø. Midtvegsevalueringa konkluderte med ein vidare strategi som innebar ei styrking av dei etablerte satsingane framfor nye tiltak.

Grunntanken bak Jærskulen er at eit langsiktig og forpliktande samarbeid kan gje betre forutsetningar for skuleutvikling og profesjonsutvikling. Samla har kommunane langt større ressursar.

Eit hovudprinsipp i 2016-evalueringa var at direkte erfaringar vart mest vektlagt. Skuleleiarnettverk og nettverk for tillitsvalde hadde difor eigne evalueringsprosessar. Jærskulen si midtvegsevaluering vart behandla i kommunestyra i november 2016.

Hausten 2018 vedtok utvala i dei fire kommunane i Jærskulen rammer for korleis Jærskulen si evaluering skulle gjerast våren 2019. Intensjonen i *Mål og prinsippdokumentet* og måla frå midtvegevaluering skal evaluerast. Ein ville sjå på både korleis organisasjonen har rigga seg for læring, og i kva grad ein har lykkast i arbeidet med profesjonsutviklinga.

### Relevante dokument:

- Mål og prinsippdokumentet for Jærskulen, 2011  
<http://www.jaerskulen.no/f/p38/i372a28c5-85ef-4539-9467-8da330ae50f0/jarskulen-mal-og-prinsippdok.pdf>
- Tilstandsrapportar for Jærskulen 2014, 2015, 2016, 2017 og 2018  
<http://www.jaerskulen.no/om-oss/>
- Midtvegsevaluering 2016, <http://www.jaerskulen.no/f/p38/ie38f0bdf-a2df-4074-852b-19ed9c8f9b4d/2016-evaluering-og-forslag-til-videre-strategi-jarskulen.pdf>



.....	1
Evaluering av Jærskulen .....	1
2013-2019 .....	1
Bakgrunn:.....	2
Relevante dokument:.....	2
Samandrag av evalueringa av Jærskulen .....	4
Innleiing .....	4
Kort historikk Jærskulen .....	4
Mål og prinsippdokument frå 2011 .....	4
Jærskulen som organisasjon, ansvar og roller .....	5
Overordna om skuleutvikling og profesjonsutvikling gjennom Jærskulen .....	5
Økonomi og effektivisering .....	6
Hovudevaluering av Jærskulen .....	8
Målsetjing.....	8
Om ideane sin kvalitet.....	8
Kva seier dei ulike aktørane om Jærskulen? .....	9
Læraren .....	9
ATV (Arbeidsplassstillitsvald).....	10
Lærarar .....	11
Profesjonsfagleg didaktisk kompetanse (PfDK).....	12
Lærarstemmen konklusjon.....	13
Skuleleiar .....	13
Undersøking skuleleiarar .....	14
Skuleleiarane:.....	16
Skuleleiar konklusjon.....	16
Skuleeigar- utvala .....	17
Utvala i Jærskulen, konklusjon .....	17
Arbeidsgruppa og Styringsgruppa for Jærskulen.....	18
Styringsgruppa og arbeidsgruppa i Jærskulen, konklusjon.....	19
Måloppnåing .....	19
Tiltaksområde Jærskulen 2016-2019 .....	20
Vegen vidare .....	22
Konklusjon.....	23
Kjelder/Relevante dokument.....	24
Vedlegg: Korleis evaluerte utvala Jærskulen i april 2019?.....	25



## Samandrag av evalueringa av Jærskulen

Jærskulen har vore eit interkommunalt samarbeid om skuleutvikling og eit produkt av ein samarbeidesdriven innovasjon.

Prosjektet har vart frå 2013- 2019. Dette er evalueringsrapporten. Konklusjonen er at samarbeidet har vore godt og at ein har hatt utbytte av samarbeidet mellom fire kommunar og 34 skular. Rådmannen tilrår at ein fortset samarbeidet om skuleutvikling mellom kommunane Time, Hå, Gjesdal og Klepp under namnet «Jærskulen».

Lærarstemmen er representert med dei tillitsvalde frå kvar skule. I tillegg har ein intervjuja nokre lærarar i kommunane. Skuleleiarar, dei politiske skuleeigarane og dei administrative skuleeigarane har og kome med sine synspunkt i evalueringa.

Dei politiske utvala skal handsame saka i mai/juni 2019

### Innleiing.

Jærskulen har vore eit interkommunalt samarbeid om skuleutvikling. Mål og prinsippdokumentet frå 2011 har vore sentralt i prosjektet Jærskulen og har vore det dokumentet som hovudevalueringa ser tilbake på. Føresetnad har vore at samarbeidet er langsiktig, og at hovudevalueringa skal sjå på korleis samarbeidet kan vidareførast. Grunntanken bak Jærskulen er at forpliktande og langsiktig samarbeid kan skape betre føresetnadar for skuleutvikling og profesjonsutvikling. Jærskulen sitt samarbeid har vore kunnskaps- og forskingsbasert. Jærskulen som organisasjon har ulike nivå. I evalueringa har ein sett på kva rolle kvart nivå har hatt i utviklinga av organisasjonen.

### Kort historikk Jærskulen

Kommunane Gjesdal, Hå, Klepp og Time har i lang tid hatt eit godt samarbeid på skuleområdet. Ut får desse erfaringane utvikla kommunalsjefane med ansvar for skuleområdet og dei hovudtillitsvalde for Utdanningsforbundet, ideen om eit meir omfattande og formalisert samarbeid. Utviklingsleiar for Jærskulen vart tilsett våren 2013. Frå hausten 2013 vart dei fyrste skuleretta aktivitetane i regi av samarbeidet gjennom Jærskulen igangsett.

### Mål og prinsippdokument frå 2011

Mål og prinsippdokumentet for Jærskulen vart vedtatt i kommunestyra i dei fire kommunane i 2011 og er det formelle utgangspunktet for arbeidet. Dokumentet fastset overordna mål, prinsipp, fokus og rammer.

**Langsiktig.** Ein sette eit perspektiv på seks år for arbeidet. Evalueringa i 2019 skal setje fokus på om og korleis samarbeidet Jærskulen skal vidareførast.

**Jærskulen skal vera kunnskaps- og forskingsbasert.** Kunnskap vert henta inn frå forskning på alle nivå i samarbeidet i Jærskulen for å bidra til profesjonalisering og bygging av kapasitet på alle nivå i Jærskulen.



## Jærskulen som organisasjon, ansvar og roller

**Politisk nivå.** Årleg vert ein felles tilstandsrapport laga. Prosessar og politisk behandling av rapporten vert gjort i dei politiske utvala i kvar kommune som har ansvar for skule. I tillegg er det gjennom året andre politiske saker som vert lagt fram som heilt eller delvis har noko med samarbeidet i Jærskulen å gjera

**Fagleg og administrativt nivå.** Arbeidet med Jærskulen har blitt leia av ei styringsgruppe som består av dei fire kommunalsjefane med ansvar for skuleområdet og hovudtillitsvalde frå Utdanningsforbundet i kvar kommune. Frå og med 2017 har og to skuleleiarar hatt observasjonsrett i styringsgruppa. Desse to har vore frå Utdanningsforbundet og Skuleleiarforbundet. Arbeidsgruppa har vore samansett av alle skulesjefar og skulefaglege rådgjevarar. Alle skulane har vore involverte i interkommunale leiarnettverk som vert føljt opp gjennom Jærskulen. Eige nettverk er og etablert for dei arbeidsplassstillitsvalde (ATV) i Jærskulen

**Utviklingsleiar.** For å leie og koordinere arbeidet med Jærskulen har det vore tilsett ein utviklingsleiar. Mads Bryne var tilsett frå våren 2013 – januar 2017. Nina Nygård Magnussen har vore tilsett frå og med mai 2017.

**Jærskulen er ein utviklingsorganisasjon.** Jærskulen kan sjåast på som ein utviklingsorganisasjon som skal bidra til å støtte kvar kommune sitt arbeid med skuleutvikling og profesjonsutvikling. Jærskulen har ikkje driftsansvar på skuleområdet, men skal gjennomføre utviklingstiltak som kan setjast i drift i samarbeidet mellom kommunane.

## Overordna om skuleutvikling og profesjonsutvikling gjennom Jærskulen

*Desse føringane har i stor grad vore hovudessensen i det utviklingsarbeidet som er gjort i Jærskulen i prosjektperioden 2013-2019:*

**Styring av skulen.** Ein har fleire styringssystem som verkar samtidig på skuleområdet slik ein har i resten av offentleg sektor. Det er ein fare for at mekanismene vert for mange. I Jærskulen har ein i Kvalitetssystem for Jærskulen laga eit bakgrunnsdokument for skulane sine utviklingsplanar som tek med at ein har ulike føringar for styring i skulen. Det avgjerande perspektivet for styring er at forbetringane skal kome eleven til gode i form av styrka læringsmiljø og auka læringsutbytte.

**Samanheng mellom styring og læring.** Ei viktig utfordring for Jærskulesamarbeidet har vore å styrke samanhengen mellom styring og læring på kommunalt og interkommunalt nivå. Strategiane i Jærskulen må sjåast i samheng med kommunale strategiar slik at heilskapen vert ivaretatt på ein god måte.

**Skulebaserte utviklingsprosessar.** Ut frå analysar på skulenivået prioriterer kvar skule eit par utviklingsområde. Lærarar og profesjonen er engasjert i dette arbeidet lokalt på kvar skule. Forsking har at om ein skal ha reell skuleutvikling, så handlar det om å få til gode skulebaserte prosessar. Denne innsikta har og ført til endringar i den statlege styring av skulen. Skulebaserte utviklingsprosessar har dei 34 skulane gjennom Jærskulen og m.a. satsinga Ungdomstrinn i utvikling (UiU) mange erfaringar med. Dette vil skulane og kommunane byggje vidare på framover. Føringar frå staten for Desentraliserte



kompetansemidlar (Dekom) tek og utgangspunkt i at ein skal ha lokale skulebaserte prosessar for å få til forbetring av undervisning i skulane våre framover.

**Tett oppfølging av skulane sitt utviklingsarbeid.** Ei kjerneoppgåve for dei skulefaglege tilsette på kommunenivå er oppfølging av skulane sitt utviklingsarbeid. Skulesjefar og rådgjevarar i dei fire kommunane er tett på skulane sine i oppfølgingsarbeidet og ein har erfaringsdeling på tvers av kommunane i dette arbeidet.

**Partssamarbeidet.** Gjennom Jærskulen er det satsa mykje på å utvikle partssamarbeidet der Utdanningsforbundet spelar ei sentral rolle som pådrivar for skuleutvikling og profesjonsutvikling. Dette har i stor grad vore nybrottsarbeid med eit stort og spennande potensiale. Andre tillitsvalde har og vore viktige for samarbeidet i Jærskulen, men sidan det er Utdanningsforbundet som famnar dei fleste tilsette i Jærskulen, har desse hatt den mest sentrale rolla. Medbestemmelse og medskapingsprosessar med leiarar har ein lært mykje om i organisasjonen.

### Økonomi og effektivisering

Jærskulen har for 2019 eit budsjett på totalt kr 1 253 000 Dette utgjer kr 313 250 for kvar av dei fire kommunane. Dei største postane i dette er løn til utviklingsleiar, felles kompetansetiltak og felles annonsering.

Gjennom arbeidsdeling mellom dei fire skuleetatane har målet vore å skape effektiviserande synergjar. Gevinstar av arbeidsdeling og samordning må ein sjå i relasjon til kostnader av samordningsprosessar mellom kommunane. Dei fyrste åra var det fleire koordinerande møte enn det har vore siste åra.

Felles kompetansetiltak med prosessar der alle kommunane og skulane har delteke, har skjedd ved fleire høve i denne perioden. Det har vore fleire kompetansetiltak som direkte har involvert skuleleiarar og tillitsvalde på alle skulane. Det har og vore fleire kompetansetiltak for alle tilsette indirekte, eller direkte som samlinga i Gjesdal konserthus i mai 2018 som samla over 1000 tilsette under same tak. Desse tiltaka har kosta kommunane og skulane langt mindre enn om ein ikkje hadde hatt dette samarbeidet.

Jærskulen har hatt ulike prosjekt for grupper av tilsette. Det største eksterne prosjektet i perioden økonomisk sett har vore [Inkluderande barnehage og skulemiljø](#) der 8 skular og 8 barnehagar frå dei fire kommunane har fått eksterne midlar frå Utdanningsdirektoratet på 1 360 000 til prosjektet over to år (2017-2018). Kommunane kunne søkt kvar for seg, men samarbeidet mellom dei fire kommunane har styrka prosjektet.

Erasmus+ har tildelt Jærskulen/Hå kommune 1 300 000 over tre år til eit prosjekt saman med 3 skular i Frankrike og Universitetet i Stavanger. Tema er kritisk tenking. Fire skular i Jærskulen har vore involvert i prosjektet. [www.clae.no](http://www.clae.no)

Utviklingsleiar har i fleire samanhengar representert skuleeigar i alle fire kommunane i samarbeid eksternt, for eksempel med Universitetet i Stavanger. Denne type aktivitet må ein rekna som ei innsparing der ein i ulike samanhengar kan samarbeide om kunnskap, informasjon og representasjon.



Nettverka for skuleleiinga på dei 34 skulane har hatt 5 årlege møte. Desse har gitt ei brei erfaringsdeling og grunnlag for utviklingsarbeid. Leiarnettverka har planlagt og organisert nokre lærarsamlingar kvar. Lærarsamlingane har då fleire skuleleiarar delt på organiseringa av. Tida som er nytta til nettverk og samlingar er ein del av det samla utviklingsarbeidet på kvar skule.

Skuleeigar har med kommunalsjefar, skulesjefar, hovudtillitsvalde og skulefaglege rådgjevarar brukt ein del tid på Jærskulen og samarbeid i denne perioden. Ein har kost-nytte med som prinsipp, og ein har jamleg evaluert kva ein får igjen for møteverksemda. No ved avslutninga av prosjektet Jærskulen er dei nemnde aktørane samde om at ein får igjen for tidsbruken, og at det er avgjerande at ein har ein utviklingsleiar til å leie jobben med samarbeid om skuleutvikling mellom dei fire kommunane.



-samarbeid om skuleutvikling  
mellom Jærkommunane  
Klepp, Time, Gjesdal og Hå



## Hovudevaluering av Jærskulen

### Målsetjing

#### Jærskulen har hatt som hovudmålsetjing å få eit kollektivt fagleg trykk:


- Jærskulen har eit godt læringsmiljø med god kultur for læring
- Jærskulen har godt læringsutbytte
- Jærskulen tiltrekk seg kompetente lærarar, inspektørar og rektorar og stimulerer til vidare kompetanseheving.
- Jærskulen har skuleeigarar som tek ansvar for mandatet.
- Jærskulen gir positive assosiasjonar.

Jærskulen har fire kommunar, 34 skular og totalt over 1000 tilsette. Desse ca 1000 tilsette har ansvar for nesten 10.000 elevar. Endringsprosessar tek tid og er eit resultat av skaping og omskaping av gode idear som byggjer på kapasitet og som gjev eigarskap. Det er ikkje nok med klare mål. Ein må utvikle ein felles forståing og kollektive handlingar hjå dei det gjeld.

#### Om ideane sin kvalitet

Eit godt samspel mellom ulike nivå, kommunar, skuleleiing og lærar kan bidra til å styrke kvaliteten i utviklingsarbeidet. Knut Roald (2012) skildrar kva innverknad ulike samarbeidsmønster kan ha for skuleutviklinga i skulesektoren.

### Knut Roald: Ulike mønstre i kommunens skuleeigarrolle (Roald, 2012)



Figur 10.1 Frå hierarkisk styring til uproduktivt eller produktivt arbeid med kvalitetsvurdering

I Jærskulen har det vore eit nært samarbeid mellom kommunal leiing og skuleleiing. Skuleleiarar og representantar frå kommunal leiing er saman i lærande nettverk. Rørvik (2014) syner til korleis arbeid i nettverk kan bidra til å omforma sentrale reformer til lokal praksis og kva rolle skuleleiarane har i denne samanhengar. Samtidig krev det innsats for å bevare styrken i utviklingsarbeidet frå ledd til ledd, elles vil effekten bli svekka. Sagt på ein anna måte: Trykket må haldast oppe. Det kan skje gjennom lokal involvering og medverking der alle tilsette deltar i det profesjonelle utviklingsarbeidet.



Idéane om medskaping og samskaping for å fremje målsetjinga for Jærskulen er tydelege. Dei ideane som ligg til grunn for mål og prinsippdokumentet i 2011, er langt på veg dei same som no er i nasjonale føringar for skuleutvikling, blant anna i Stortingsmelding 21 (2016-2017).

Medskaping har vore eit sentralt omgrep i Jærskulen. Medskaping som omgrep kan ein forstå på mange måtar. Medskaping vert eit læringssyn der ein uttrykker meir innflytelse, deltaking og aktørskap i dei ulike læringsprosessane blant både unge og vaksne. Det kan handle om elevar si læring eller læraren si læring. I Jærskulen har medskaping vore eit uttrykk for utvida samarbeid mellom tillitsvalde og tilsette med fokus på god undervisning og elevane si læring.

Eit godt og inkluderande samarbeid mellom representantar frå lærarprofesjonen og leiing på ulike nivå vert kjenneteikna av at aktørane opplever seg involvert i dei ulike prosessane framfor å bli einseitig informert (Øyum- Jacobsen 2011).

Jærskulen har hatt eit stort engasjement både på overordna nivå og blant dei som har definerte rollar inn i Jærskulen. Den tradisjonelle tenkinga er at dette vil automatisk leve og utvikle seg vidare ut i organisasjonen. Både midtvegsevalueringa og hovudevalueringa no i 2019 syner at ideane i Jærskulen er kjende og at aktørane i Jærskulen sine leiargrupper, tillitsvalde og skuleeigarar eig desse ideane langt på veg.

Korleis skal ein då evaluere prosessane sin kvalitet? Kvalitet er ein føresetnad for at ideane skal levast ut og setja spor i organisasjonen og dei fire kommunane. Om ein ønskjer å sjå på ideane sin kvalitet, må ein sjå det opp mot prosessane i organisasjonen (Fullan og Quinn 2015)

Kvaliteten på prosessane er avgjerande for at ideane som ligg til grunn for Jærskulen set spor. Kor er det eventuelt at det stoppar opp? Er det på overordna nivå eller er det på den enkelte skule? For å kunne vurdere kvaliteten på det arbeidet som er gjort, har ein sett grundig på kva dei ulike aktørane i Jærskulen sin organisasjon seier om kvaliteten.

## Kva seier dei ulike aktørane om Jærskulen?

### Læraren

Jærskulen har 1000 lærarar fordelt på 34 skular. Kvar skule har ein arbeidsplassstillitsvald (ATV) for lærarane. Desse tillitsvalde representerer alle lærarar som er organisert i Utdanningsforbundet. Utdanningsforbundet er den fagforeininga som har flest medlemmar i skulen. I arbeidet med medskaping og samskaping av prosessar for utvikling i skulane har dei tillitsvalde vore svært sentrale både i styringsgruppa, og i arbeid på den enkelte skule. I 2017 hadde alle skulane ein prosess med Knut Roald (dosent ved Høgskulen på Vestlandet) der ein såg på korleis skulane arbeidde med skuleutvikling på eigen skule. Dei tillitsvalde var sentrale i denne prosessen.

I evalueringa av Jærskulen har synspunkta til dei tillitsvalde vore sentrale. Ein har og intervjuet nokre lærarar i kvar kommune.



### ATV (Arbeidsplasstillitsvald)

Dei tillitsvalde har svara på spørjeskjema. I tillegg har det vore gruppedrøftingar i lokallag og i nettverk. I sum er dei tillitsvalde veldig positive til det arbeidet som er gjort i prosjektperioden 2013-2019.

Det er tydeleg at Jærskulen har ført til ei profesjonsutvikling som er kjenneteikna av læring, samarbeid og større fokus på medskaping. Dei tillitsvalde er samstemde om at Jærskulen har bidrege til meir fokus og struktur på utviklingsarbeidet på skulane. Dei opplever betre samskaping mellom tillitsvald og leiinga, og at dei dreg i same retning. Det har vore ei positiv utvikling av ATV-rolla, og Jærskulesamarbeidet har ført til meir og betre samarbeid på skulane. Lærarstemmen og profesjonen er betre ivaretatt enn før, seier dei tillitsvalde.

Dei tillitsvalde opplever eit meirarbeid med rolla dei har fått i Jærskulen og dei stiller spørsmål ved om ein har for lite tid til rolla.

#### Eksempel svar:

##### **Kva har forandra seg i din kommune siste fem åra?**

«Alle elevane har fått læringsbrett, og fokus på bruk av digitale læringsverktøy. Lærarane har fått omfattande kompetanseheving i bruk av digitale læringsverktøy. Tillitsvalde er i større grad pådrivarar i utviklingsarbeid enn tidlegare. Meir fokus på utvikling og gode prosessar.»

ATV Jærskulen desember 2018

##### **Kva har forandra seg på den skulen du arbeider på i dei siste 5 åra?**

«Betre samarbeid mellom ATV og rektor fordi vi har hatt felles kursing. Skulen har hatt godt fokus på pedagogisk utviklingsarbeid.»

ATV Jærskulen desember 2018

##### **Korleis har tillitsvald rolla endra seg dei siste 5 åra?**

Meir involvert i ulike prosessar på eigen skule og i Jærskulen. Meir med i leiinga - utviklingsarbeid. Meir krevjande å vere ATV. Kjenner på høgare forventningar.

ATV Jærskulen desember 2018

Dei tillitsvalde svarer i stor grad at Jærskulen har ført til endring ved at ATV-rolla er styrka og at ein er likeverdige partar. Dei tillitsvalde ser endringar både i kommunen og på eigen skule dei siste 5 åra. Alle elevar har fått eigen Chromebook /Ipad. Det er auka samarbeid, og ein opplever at ein arbeider godt med profesjonsutvikling. Samarbeid mellom rektor og ATV er styrka. ATV-ane saknar meir tid til arbeidet og ser og at leiinga er svært sentral for om ein lukkast i utviklingsarbeidet eller ikkje på kvar skule.



## Lærarar

Dei arbeidsplassstillitsvalde er positive til Jærskulen og utviklinga som kommunane har hatt siste fem åra. For å sjekke ut kva eit utval av lærarar i Jærskulen tenkte om dei tillitsvalde sine synspunkt, vart det gjennomført intervju av 12 lærarar, 3 i kvar kommune med desse spørsmåla nedanfor.

Alle lærarar som vart intervjuja, har arbeidd på same arbeidsplass i perioden, og dei har ikkje hatt bytte av leiar dei siste fem åra. Det er tillitsvalde som har gjennomført intervjuja.

Det vart stilt 8 spørsmål til dei 12 lærarane.

*Spørsmåla tek utgangspunkt i synspunkta som ATV-ane har kome med. Ein sjekkar ut kva lærarane tenker om dei synspunkta som dei tillitsvalde har. Korleis stemmer det ut med eit utval av dei som har vore lærarar i Jærskulen siste 5 år.*

Kort oppsummering:

### **1. Skulane har arbeida med forbetring av utviklingsplanane i dei siste åra. Det er mål om færre og tydelegare satsingsområde. På kva måte syner dette seg på din skule?**

Lærarane svarar noko ulikt her. Dei fleste opplever at det er færre satsingar no enn før, sjølv om nokre skular no har sett ein auke igjen. Alle arbeider meir målbevisst med satsingsområde, men ein lykkast i ulik grad med implementeringa og utviklingsarbeidet. Fleire lærarar seier at ein no arbeider meir grundig med utviklingsplanane. Eit par av lærarane har ikkje merka forskjell

### **2. Profesjonsutvikling har vore eit primært satsingsområde for Jærskulen. På kva måte syner dette seg på din skule?**

Auka fokus på profesjonsutvikling, men bevisstheit og resultat varierer.

### **3. Har du merka endring i kvaliteten på PU-tida (Pedagogisk utviklingsarbeid ) på din skule?**

Dei aller fleste lærarar opplever endring. Det er betre plan på det som blir brukt av tid til pedagogisk utviklingsarbeid. Det har vore ei kvalitetsheving.

### **4. Alle elevar i Jærskulen har no Chromebook, iPad eller pc. Korleis har opplæring og implementering av dette vore på din skule?**

Det vert fortalt om god opplæring og at ein er nøgd med at kvar elev har sin eigen iPad/Chromebook. Det har vore gode prosessar i alle kommunane. Lærarane har fått nyttige verktøy.

### **5. Har du merka utvikling i den kollektive skulekulturen hjå dykk dei siste åra?**

Dei fleste opplever god utvikling i den kollektive skulekulturen på sin skule, men noko ulik bruk av omgrepa. Lærarane opplever at skulane har felles satsingar.

### **6. Kva utbytte har lærarnettverk i Jærskulen sin regi hatt for deg/dykk?**

Lærarane har i stor grad vore positive til å møtast, dela og diskutera fag mm saman. Det har vore noko problematisk å samarbeida når ein har ulike digitale læringsverktøy. Jamt over er ein nøgd med samlingar i nettverk og fleire ønskjer seg fagsamlingar framover



### 7. Kva kan gjerast betre viss Jærskulen skal vidareførast?

Fleire lærarar ønskjer at ein samordnar tilsettingar og søkerprosessar og at ein har like lønsvilkår. Ein ønskjer å fortsette med fagsamlingar og utvikle kvaliteten på desse. Ein ønskjer seg felles kompetanseheving og ønskjer å arbeide saman med/om ny læreplan. Nokre lærarar seier dei ønskjer færre samlingar og seier det tar for mykje tid og er kostbart.

### 8. Vår kommune og din skule har vore ein del av «Jærskulen» i snart 6 år. Kva tenker du på når eg seier «Jærskulen»?

Skuleutvikling og samarbeid over kommunegrensene.

Her kjem og svar som sprikar frå lærarar som opplever at leiinga og ATV er mykje vekke på møter i Jærskuleregj, og lærarar som fortel om samlingar og kompetanseheving med høg kvalitet.

### Kommunalsjefar, skulesjefar, hovudtillitsvalde og skulefagleg tilsette har lest alle intervjuja og konkluderer med følgjande:

Lærarsvara er i stor grad i samsvar med det som dei tillitsvalde har uttrykt. Det er ei tydeleg endring av korleis den pedagogiske utviklingstida (PU-tida) vert brukt. Utviklingsarbeidet er styrka og meir målretta. Det er meir lærarsamarbeid no enn før oppstart av Jærskulen. Det er eit stort mangfald i korleis lærarane har opplevd effekt av Jærskulen. Lærarane er godt nøgde med dekning av Chromebook /IPad til lærarar og elevar. Lærarar opplever Jærskulen som "meir retta" mot leiinga i skulen, men ein opplever effekt gjennom leiinga sitt utviklingsarbeid på skulen. Lærarar er opptatt av at det må vera god struktur og styring dersom det skal vera lærarnettverk på tvers. Det er ymse erfaringar med lærarnettverk. Dei er positive til dei store felles faglege samlingane. Det er anonymt for leiarane kom kven som har svart kva, men alle intervjuja er gjennomgått av alle på skuleeigarnivået.

### Profesjonsfagleg didaktisk kompetanse (PfdK)

Kommunane har investert mykje i maskinvare. Kartlegginga av alle lærarar sin digitale kompetanse er eit utgangspunkt for korleis kommunane skal sikra auka kompetanse. Jærskulen har i dag ein iPad / Chromebook kvar. Jærskulen har kome langt med innføring og bruk av læringsteknologi i læringa samanlikna med nasjonalt nivå.

Alle lærarar i Jærskulen fekk i april 2019 moglegheit til å delta på ei undersøking av deira profesjonsfaglege didaktiske kompetanse.

Utviklinga av læraren sin digitale kompetanse har eit tosidig siktemål: Den eine handlar om profesjonsutvikling og den andre om måten læraren underviser på. Svarprosenten var på 73%. Det er ein høg prosent og tala skal brukast som bakgrunn for kompetanseheving i Jærskulen sine kommunar dei neste to åra.



I samband med evalueringa av Jærskulen 2019 er m.a. desse to tabellane aktuelle:

I hvilken grad har tilgang til digitale læringsressurser og enheter gjort tilpasset undervisning lettere?	1-4 trinn	5-7 trinn	8-10 trinn
Stor grad	51%	54%	44%
Noe grad	47%	45%	52%
Liten grad	1%	1%	3%
Ingenting	1%	1%	1%
I hvilken grad har elevenes tilgang til egen enhet (1:1) påvirket din undervisning med tanke på gjennomføring av undervisning	1-4 trinn	5-7 trinn	8-10 trinn
Stor grad	54%	69%	57%
Noe grad	36%	27%	37%
Liten grad	7%	2%	5%
Ingenting	3%	1%	1%

Ut frå sju ulike kompetanseområde innanfor profesjonsfagleg didaktisk kompetanse er det i **ending og utvikling** lærarane ønskjer seg mest kompetanseheving. Det er sentralt i forhold til prosessar vidare i kommunane.

Det at elevane har eigen iPad / Chromebook, har endra undervisninga i stor grad slik lærarane i Jærskulen svarer. Nesten 70% av lærarar på mellomtrinnet (5-7.trinn) seier at undervisninga deira i stor grad er endra no.

Dei aller fleste lærarar seier og at iPad / Chromebook har gjort det lettare å tilpasse undervisninga. Berre ca. 2% av lærarane svarer at det har gjort det i liten grad eller ikkje i det heile.

### Lærarstemmen konklusjon

Den tillitsvalde lærarstemmen er svært positiv til kvaliteten av det som er gjort i Jærskulesamarbeidet. Dei 12 lærarane som er intervjuet, har ulike synspunkt på Jærskulen og prosessane som har vore, men i stor grad stadfestar dei det positive bildet som dei arbeidsplassstillitsvalde gjev. Lærarane gjev eit breitt bilde som skuleeigar og skuleleiarane i stor grad kjenner att.

Læraren opplever at skulen sin og kommunen sin i stor grad har fått til eit kollektivt fagleg trykk der ein har arbeidd systematisk med profesjonsutvikling i prosjektperioden 2013-2019.

### Skuleleiar

Rektor er saman med ein annan skuleleiar frå sin skule i leiarnettverk saman med andre skular som er tilnærma lik eigen skule. Det vil seia at for eksempel 1-10 skulane har eit leiarnettverk. Evalueringsprosessen for skuleleiarane har vore slik:

- a) *Januar*: Drøfting av mål og prinsippdokumentet til Jærskulen frå 2011
- b) *Februar*: Undersøking der alle 34 skulane svarer i eit spørjeskjema om Jærskulen
- c) *Mars*: Funn i undersøkinga vart drøfta i nettverk



## Undersøking skuleleiarar

Det er rektor på kvar av dei 34 skulane som har svart på undersøkinga. Han/ho svarer på vegne av skulen. Spørsmål om læringsutbytte og læringsmiljø er henta for å sjå det opp mot måla for Jærskulen. Det er skuleleiar /skulen si vurdering av spørsmåla. Det er han /ho si subjektive meining frå februar 2019.


Bakgrunn for at ein har spurt skuleleiarane er at dei har oversikt over eigen skule. Om nokon i Jærskulen skal vurdere for læringsutbytte, læringsmiljø og profesjonsutvikling på eigen skule, så er rektor og skuleleiar den som kjenner godt til resultatane og prosessar på eigen skule. Det vert ei vurdering og eit tolkingsspørsmål, men ein vurderer at rektor/skuleleiar si subjektive meining er relevant i denne samanheng når ein skal sjå på kvaliteten av det som er gjort i prosjektet

Ein klarer ikkje famne alt i desse spørsmåla og svara. Dei gjev rom for tolking. Difor har og nettverka drøfta funna i etterkant.

Alle 34 skulane har svart på undersøkinga. I tillegg kom det mange tekstsvar inn som er lest og teke med i prosessar hjå skulesjefar, kommunalsjefar, hovudtillitsvalde, skulefaglege rådgjevarar og i leiarnettverka.


1. a) Læringsutbytte: Har elevane sitt læringsutbytte auka på skulen dykkar dei siste fem åra?

34 svar




1. b) Læringsutbytte: I kva grad tenkjer de at Jærskulen har påverka læringsutbyttet for elevane positivt?

34 svar



2. a) Læringsmiljø: Har læringsmiljøet blitt betre på dykkar skule dei siste fem åra?

34 svar




2. b) Læringsmiljø: I kva grad har Jærskulen påverka læringsmiljøet positivt?

34 svar




### 3. a) Skuleleiarrolla:

Utsegn: «Utviklingsorienterte skuleleiarar driv fram kunnskapsutvikling og god undervisningspraksis gjennom kollektive læringsprosessar». I kva grad meiner de dette skildrar dykk som skuleleiarar?




### 3. b) Skuleleiarrolla: I kva grad har Jærskulen styrka dykk i rolla som skuleleiar?

34 svar




### 4. a) Profesjonsutvikling: I kva grad har Jærskulen forbetra måten de driv profesjonsutvikling på i personalet?

34 svar



### 4. b) Profesjonsutvikling: I kva grad har Jærskulen bidratt til ein meir kollektiv skule?

34 svar



1. Jærskulen sine leiarar meiner at læringsutbytte har blitt betre eller delvis betre og at Jærskulen i middels grad har påverka læringsutbytte positivt for elevane.
2. Jærskulen sine leiarar meiner og at læringsmiljøet har blitt betre på skulane dei siste fem åra, men at dette anten i liten grad eller berre delvis er på grunn av Jærskulen. Ut frå kommentarar veit ein at felles malar for aktivitetsplanar og felles kompetanseheving for alle har vore positivt.
3. Spørsmål tre syner tydeleg at skuleleiarane veit at deira oppgåve som rektor/skuleleiar er å driva fram kunnskapsutvikling og god undervisningspraksis i kollektive prosessar. **Spørsmål 3b) er svært tydeleg på at skuleleiarane har opplevd at Jærskulen har styrka dei deira rolle.**
4. Nokre skuleleiarar meiner at ein i dei siste 5-6 åra ikkje har vorte meir kollektiv. I sum kan ein sei at Jærskulen ha hatt ein middels eller til god påverknad på skuleleiarar og skulane i arbeidet med profesjonsutvikling og det å få kollektive skular.



## Skuleleiarane:

«Skuleleiarrolla er opplevd meir positivt enn før Jærskulen»

«Jærskulen har forsterke måten me driv profesjonsutvikling på i personalet. Jærskulen har styrka rolla vår som skuleleiarar.»

«Læringsutbytte og læringsmiljø er vurdert betre av skuleleiarane enn resultatata på elevundersøkinga, jf. tilstandsrapporten. Kvifor det?»

«Lærer samlingar: Meir læring mellom lærarar no enn i starten på lærarsamlingar»

«Leiarnettverk har skapt kontaktar me ikkje hadde hatt utan Jærskulen. Det har vore nyttige besøk mellom skulane utanom oppsette nettverk»

*Sitat frå drøftingar i leiarnettverk mars 2019*

### **Kommunalsjefar, skulesjefar, hovudtillitsvalde og skulefaglege rådgjevarar har lese alt som er kome inn av informasjon og har gjort følgjande refleksjon:**

Jærskulen har forsterka måten skulane og kommunane driv skuleutvikling på. Det er positivt med leiarnettverk, og dette vert opplevd som ein arena for læring, deling, refleksjon og leiarutdanning. Jærskulen har hatt eit positivt bidrag til skuleleiarane si leiing av profesjonsutvikling på skulane.

Det er vanskeleg å sjå ein tydeleg årsakssamanheng mellom Jærskulen og elevane sitt læringsutbytte og læringsmiljø. Skuleleiarane har delte syn på det. Det er og andre drivarar som f.eks. kommunen og leiarutdanningar.

Det vert tilbakemeldt at det er viktig å trekke linjene mellom det som skjer på kommunenivået kobra til kva som skjer i Jærskulen. Det er stort påtrykk og mange forventingar som vert retta til skulen frå mange hald. Det har og vore ei utfordring at ikkje alle i leiargruppene deltek i leiarnettverka.

### Skuleleiar konklusjon

Skuleleiarane er positive til Jærskulen og ønskjer leiarnettverk på tvers av kommunane og framover. Jærskulen har styrka leiarane i rolla deira som skuleleiarar.

Skuleleiararane har mange erfaringar på korleis ein kan få god til gode forbetningsprosessar med mellom anna skulebasert kompetanseutvikling. Desse erfaringane tek ein med seg vidare i arbeidet på skulane, i nettverk og i kommunane. Skuleleiarane er heilt sentrale for å få til god skuleutvikling i kommunen, i Jærskulen og ikkje minst på eigen skule. Det har evalueringa no synt tydeleg.





## Skuleeigar- utvala

I april 2019 fekk alle utvala med ansvar for skule i kvar kommune i oppgåve å evaluere Jærskulen. Utvala fekk tre spørsmål som dei svarte på. Utvala er politisk skuleeigar og har hatt ei viktig rolle i Jærskulesamarbeidet. Utvala har og tidlegare gitt evaluering på korleis dei opplever at tilstandsrapporten kvart år vert utforma. Dette er nyttig informasjon i forkant av ny tilstandsrapport for 2019. Utvala er nøgde med tilstandsrapporten for Jærskulen.

Utvala sine svar på evaluering av Jærskulen ligg bak her som vedlegg, men er oppsummert frå dei fire kommunane slik:

### **Kva tenker utvalet har vore bra med Jærskulesamarbeidet? Kvifor?**

Utvala fortel om mykje positivt med Jærskulen, m.a. det at det er fornuftig å gjera ting i lag og at ein då står sterkare saman og ein får eit vidare perspektiv. Det er positivt at namnet og samarbeidet er knytt til ein region. Utvala skildrar eit lærerikt samarbeid som har kvalitet og som er forskingsbasert. Skulane har gode nettverk. Tilstandsrapport, forankring og samarbeid på politisk nivå vert trekt fram. Jærskulen gjev politikarane godt innsyn. Konkurransen mellom kommunane er sunn, og det faglege samarbeidet gjev vidare syn og inspirasjon. Det er interessant å dele erfaringar med andre lokalpolitikarar frå Jæren med ansvar for skule. Kjekt å høyre skryt frå eigen kommune og godt med engasjement.

### **Kva kunne vore betre? Er det framlegg om korleis det kunne vore betre?**

Utvala har fleire gode spørsmål og tips. Noko svarer ein på i evalueringa, og noko er svart kort på i vedlegget. Mange av desse kommentarane kan vera nyttige for utviklinga i kommunane i åra som kjem. Fleire kommunar stiller spørsmål om Jærskulen er forankra heilt ut. Det er eit viktig spørsmål, og det vert forsøkt svart på i denne evalueringa.

### **Kva har Jærskulen betydd for politisk skuleeigarskap i din kommune?**

Utvalspolitkarane svarar at dei er endå meir bevisst på kor viktig skuleutvikling er og kor viktig det er med tidleg innsats. Ein er ein del av ein større samanheng og at samarbeidet er godt. Ein har og fått meir kunnskap om skule og skuleeigarrolla.

Ein opplever at ein ser eit større bilete og at ein treng eit samarbeid med fleire kommunar saman. Utvala understrekar at ein har opplevd dei årlege samlingane som positive, nyttige og at dei har stor betydning i eigen kommune. Jærskulen har gitt politikarane eit godt styringsverktøy, betre kunnskapsgrunnlag og god oversikt.

Konkurransen mellom kommunane triggjar, og det er nyttig å trekke fram gode eksempel på god skuleutvikling.

### ***Kommunalsjefar, skulesjefar, hovudtillitsvalde og skulefaglege rådgjevarar har lese alt som er kome inn av informasjon og har gjort følgjande refleksjon:***

Skuleeigarrolla er styrka i dei fire kommunane som eit resultat av Jærskulesamarbeidet.

### **Utvala i Jærskulen, konklusjon**

Jærskulesamarbeidet har styrka den politiske skuleeigarrolla i dei fire kommunane. Samarbeidet blir opplevd som positivt.




## Arbeidsgruppa og Styringsgruppa for Jærskulen

Styringsgruppa i Jærskulen er kommunalsjefane for området skule og dei hovudtillitsvalde frå Utdanningsforbundet i kvar av dei fire kommunane. Arbeidsgruppa i Jærskulen er skulesjefane og dei skulefaglege rådgjevarane.

Skuleeigar har vore med i evalueringsprosessen på ulike måtar. Det er styringsgruppa for Jærskulen som saman med utviklingsleiar har hatt ansvar for prosessane som har vore. I tillegg til innspel, drøftingar og refleksjonar har og alle i arbeidsgruppa og styringsgruppa fått eit spørjeskjema. Nokre av desse spørsmåla kan visast i diagramform.


Skuleeigar: I kva grad har Jærskulen styrka dykk i rolla som skuleeigar?

16 svar




Profesjonsutvikling: I kva grad har Jærskulen forbetra måten de driv profesjonsutvikling på i din kommune?

16 svar



Profesjonsutvikling: I kva grad har Jærskulen bidratt til ein meir kollektiv skule?

16 svar



Svara frå arbeidsgruppa og styringsgruppa er i samsvar med dei svara som har kome frå skuleleiarar og politiske skuleeigarar. Jærskulen har bidrege til at dei som er på skuleeigarnivå kjenner at dei er styrka i si rolle. Ein kan og seie at skuleeigarnivået med dei hovudtillitsvalde opplever at Jærskulen har bidrege til at ein har fått meir kollektive skular og at ein har forbetra måten ein driv profesjonsutvikling i eigen kommune.

*I svara har arbeidsgruppa og styringsgruppa desse synspunkta:*

Sett opp mot dokumentet “Mål og prinsippdokumentet” frå 2011 er mål og visjonar evaluert. Kommunane ønskjer å fortsetje samarbeidet om skuleutvikling under merkenamnet *Jærskulen*. Det er viktig at prosessane, innhaldet og samarbeidet og framover er forskingsbasert.

Ein viktig gevinst i tillegg til det ein har sett på i evalueringa, er at arbeidet i Jærskulen har ført til at ein har fått ei sterkare stemme mot sentrale styresmakter og Utdanningsforbundet sentralt. Forskingstiljøet ønskjer å samarbeida med Jærskulen. Jærskulesamarbeidet har gitt kommunane stordriftsfordelar.

Styringsgruppa og arbeidsgruppa i Jærskulen, konklusjon

Jærskulesamarbeidet har styrka skuleeigarrolla i dei fire kommunane. Kommunane ønskjer å fortsetje samarbeidet om skuleutvikling under merkenamnet *Jærskulen*.

## Måloppnåing

Den utrykte idéen som ligg i mål og prinsippdokumentet frå 2011, er at Jærskulen skal ha eit **kollektivt fagleg trykk**. Ut frå det ein har sett i hovudevalueringa, kan ein konkludera med at ein i stor grad har gjort det, men at ein ikkje har fått så gode resultat ut mot elevane som ønska. Dette er dokumentert i dei felles tilstandsrapportane for Jærskulen kvart år ( 2014-2018)

**Jærskulen har eit godt læringsmiljø med god kultur for læring.** Arbeidet med profesjonsutviklinga syner at ein er på rett veg. Skuleleiarane vurdere at ein har fått betre læringsmiljø i perioden, men at dette berre i noko grad er Jærskulen sin fortjeneste.

**Jærskulen har godt læringsutbytte.** I omgrepet læringsutbytte er det tydeleg at skuleeigarar, eigarar og lærarar tolkar det noko ulikt. Ser ein på dei resultata som ligg i tilstandsrapportane for Jærskulen og dei nasjonale indikatorane så har ikkje læringsutbytte generelt auka i Jærskulen i ønska grad. Mykje tydar på at kommunane er på rett veg for og å få betre læringsresultat, men ein kan ikkje konkludere med det no i 2019 at Jærskulen har ført til betre resultat direkte.

**Jærskulen tiltrekkjer seg kompetente lærarar, skuleleiarar og stimulerer til vidare kompetanseheving.** Det er stor vilje og ønske om kompetanseheving i Jærskulen blant lærarar og leiarar. Det syner mellom anna i undersøkinga som alle lærarar har teke profesjonsfagleg didaktisk kompetanse. Det kjem og fram i nettverka hjå leiarane. At profesjonsutviklinga i Jærskulen har stimulert til vidare kompetanseheving, er det stort grunnlag for å seie. I åra som kjem må ein halde fram med å arbeide for rekruttering til lærarstillingar og leiarstillingar.



**Jærskulen har skuleeigarar som tek ansvar for mandatet.** Utvala med ansvar for skuleområdet har teke ansvar for det mandatet dei har fått. Samarbeidet mellom administrasjon og politikarar har vore godt i perioden. Både politikarar og administrasjon ser likt på det at Jærskulen har gitt betre kompetanse på skuleområdet og politikarane har klart å ta mandatet i bruk.

**Jærskulen gjev positive assosiasjonar.** Ein kan konkludere med at alle som har vore aktørarar i Jærskulen, har eit positivt bilde på kva Jærskulen har vore og kan vera for skuleutviklinga i kommunane. Blant lærarane er det ulike haldningar.

Idéane og eit felles oppdatert kunnskapsgrunnlag for Jærskulen må vurderast som suksessar i Jærskulen sin prosjektperiode. Ein må og seie at Jærskulen sine leiarnettverk og identiteten som er lagt, har vore suksessar i denne samarbeidsdrivne innovasjonen.

Idéane bak Jærskulen er gode og langt på veg dei same som no ligg til grunn i m a Stortingsmelding 21 (2016-2017), som legg føringar for korleis ordninga for desentraliserte kompetansemidler vert organisert.

Det er eit leiaransvar å få til gode prosessar ute på skulane. Leiarnettverk kan vera ei hjelp til det, det kan og for eksempel det at skuleeigar er tett på kvar skule.

#### Tiltaksområde Jærskulen 2016-2019

I midtvegsevalueringa i 2016 vart det staka ut ulike tiltaksområde (1-6) som ein har arbeida med i 2016- 2019. Under kvart punkt følgjer ei kort evaluering

##### 1. Jærskulen som fellesskap for læring og utvikling.

- a) Jærskulen har hatt eit felles grunnlag for skulens utviklingsarbeid. Dette dokumentet vart revidert i 2018 og har no blitt eit [Kvalitetssystem for Jærskulen](#), eit bakgrunnsdokument for skulane sine utviklingsplanar.
- b) Jærskulen har hatt felles [tilstandsrapportar](#) og felles prosessar med det politiske nivå. Rapportane frå åra 2014-2018 har vore viktige dokument i Jærskulen si historie.
- c) Jærskulen har hatt 7 leiarnettverk Partssamarbeidet for skuleutvikling og profesjonsutvikling, nettverk for tillitsvalde
- d) Ungdomstrinn i utvikling
- e) Samarbeid og arbeidsdeling mellom dei skulefagleg tilsette i kommunane
- f) Styringsgruppa
- g) Samarbeid med Universitetet i Stavanger

**Vurdering.** *Tiltaksområde 1 med Jærskulen som fellesskap for læring og utvikling* har vore viktig i heile perioden. Eit felles grunnlag for skulane sine utviklingsplanar har vore sentralt og er vidareutvikla siste åra. Tilstandsrapportane og felles prosessar dei siste åra med tillitsvalde og politikararar, har vore vellukka. I februar 2018 var læringsteknologi sentralt i felles utvalsmøte. I februar 2019 var det livsmeistring som var tema. Desse møta har vore sentrale i Jærskulen si historie. Dei sju leiarnettverka har og vore svært avgjerande for læring og utvikling i Jærskulen.



Tiltaket “Ungdomstrinn i utvikling (UiU)” er avslutta i 2018. Erfaringar frå UiU er direkte nyttige som gode og viktige erfaringar med skulebasert kompetanseutvikling, og den nye ordninga med desentraliserte kompetanse midlar (Dekom). Gode erfaringar frå samarbeid med Universitetet i Stavanger tek ein og vidare m.a i den desentraliserte kompetanseordninga. Samarbeidet og arbeidsdelinga mellom dei skulefaglege tilsette i kommunane og arbeidet i styringsgruppa har vore godt, men i det vidare arbeidet er det eit ønske om å sjå på forbetringar her slik at eit varig samarbeid om skuleutvikling mellom kommunane kan verta endå betre.

## 2. Rekruttering, innfasing og kurs

- a) Rekruttering av lærarar
- b) Samordning av løn og arbeidsforhold
- c) Felles plan for rettleiing av nytilsette og nyutdanna lærarar
- d) Kurs lærarar

**Vurdering.** *Tiltaksområde 2 med Rekruttering, innfasing og kurs* har ein arbeidd med på ulike måtar i Jærskulen. Ein har eit samarbeid om rekruttering ut mot universitet og høgskular. Ein samarbeider og om karrieredag, oppfølging av studentar, nytilsette og nyutdanna. Ein har evaluert ordninga om rettleiing, og det har vore positive tilbakemeldingar. Felles kurs for 1. klasselærarar har ein kvart år, og i 2018 hadde ein for fyrste gong alle tilsette samla under eit tak i Gjesdal konserthus med mobbeforebygging som tema. Dette blei følgt opp med gode prosessar på kvar skule. Samordning av løn har ein ikkje. Forhandlingar skjer kommunevis, og ein har noko ulike ordningar her. Ut mot rekruttering har det vore tidvis utfordrande, men ein har hatt samarbeid om arbeidsforhold og rammer elles. Evalueringa syner at lærarar ønskjer meir felles kurs/kompetanseheving.

## 3. Trygt og godt skule- og barnehage miljø

**Vurdering.** *Tiltaksområde 3 med Trygt og godt skule – og barnehagemiljø*

Dei siste åra i prosjektet Jærskulen har ein arbeidd mykje med dette tiltaksområdet. Kommunane har utvikla og implementert eit felles digitalt system for trygt og godt skule- og barnehagemiljø. Det vart tidleg oppdatert i 2017 då ein fekk lovendring i 9a i opplæringslova. Alle fire kommunane har i 2018-2019 vore med på kompetanseheving i inkluderande barnehage og skulemiljøprosjekt. Det har vore svært vellukka. Det er etablert beredskapsteam mot mobbing. Beredskapsteamet vert evaluert før sommaren 2019. Kommunane ønskjer å vidareføre og revidere den digitale portalen for trygt barnehage- og skulemiljø.

## 4. Den digitale skulen

**Vurdering.** *Tiltaksområde 4 med den digitale skulen*

Jærskulen har etablert ei IKT ressursgruppe som har representantar med teknisk og pedagogisk bakgrunn frå alle fire kommunane. Gruppa er sentral og har fått utvida mandat til å sjå på gode løysningar på tvers av kommunane fagleg og teknisk. Gruppa kan samordne innkjøp og ein har utvikla felles kompetansesatsing innanfor profesjonsfagleg didaktisk kompetanse for alle lærarar i Jærskulen

## 5. Andre tiltak

**Vurdering.** *Tiltaksområde 5 med andre tiltak.*

Det har vore tett samarbeid mellom skulefagleg tilsett i Jærskulen. Viktige oppgåver vil tidvis gjera at ein samarbeider tett om oppgåver over kortare eller lengre tid når det kjem. Samarbeid om læreplanfornyinga er nødvendig no og i tida framover.

Samarbeid og tiltak for å styrka gjennomføring av vidaregåande opplæring har vore eit tiltak Jærskulen sine kommunar har arbeidd mykje med dei siste åra. Noko arbeid er gjort saman og anna er gjort kvar for seg. Jærskulen har hatt internasjonaliseringsprosjekt. Læring frå dette prosjektet heng saman med læreplanfornyinga. Koordinering av eksamensgjennomføring har og vore ei stor oppgåve som Jærskulen har hatt saman med Sola kommune.

Evalueringa syner at det er mange tiltaksområde og at samarbeidet mellom kommunane famnar mykje. I det vidare arbeidet syner evalueringa at det vil vera hensiktsmessig å spisse måla for å kunne sjå på kvaliteten av det ein gjer. Tiltaksområde nr 1 handlar om Jærskulen som fellesskapa for læring og utvikling. Dette er mykje av det som har vore kjerneverksemda for skulane og kommunane i dei års som har vore.

## Vegen vidare

Framtidig organisering av eit samarbeid om skuleutvikling i Time, Hå, Gjesdal og Klepp kommune må byggje på denne evalueringa og erfaringane kommunane har etter dei 6 åra Jærskulen har vore eit prosjekt

**Samarbeid i kommunane.** Samarbeidet må ta høgd for å vurdera dei konsekvensane det er at alle fire kommunane er organisert slik at ein har meir tverrfagleg samarbeid enn før for betre tidleg innsats. Ein må og sjå på strukturen med styringsgruppe og arbeidsgruppe som no. Ein treng å rydde noko i strukturen mellom Jærskulen, kommunen og nettverka. Organiseringa kan forenklast noko.

Leiarnettverk er viktig å vidareføre, men gjerne med endringar organisatorisk. Rektor og leiargruppa på kvar skule er svært sentral i den profesjonsutviklings som skjer på kvar skule. Det er og avgjerande viktig å ha ein utviklingsleiar i Jærskulen. Det har kome tydeleg fram i evalueringa. Leiing av prosessar er viktige på alle nivå. Det ser ein tydeleg i denne evalueringa.

**Mål for arbeidet.** Mål for Jærskulesamarbeidet må reviderast, og ein må spisse måla for samarbeidet om skuleutvikling. Jærskulen sitt kvalitetssystem har som mål eit betra læringsmiljø og eit auka læringsutbytte for elevane. Måla må sjåast i samanheng med nasjonale føringar og planar for kommunane og skulane i tida framover.

**Ny læreplan.** Ny overordna del av læreplanverket vart godkjent i 2017. I 2020 er heile læreplanverket fornya for å gjera læreplanane meir relevante for framtida. Den overordna delen av læreplanverket utdjupar verdigrunnlaget i opplæringslova sin formålsparagraf, og gjev skulen dei overordna prinsippa for grunnopplæringa. Den overordna delen skildrar det grunnsynet som skal prege pedagogiske praksis i heile grunnopplæringa. Læreplanen vil vera førande for korleis elevane kan få auka læringsutbytte og betra læringsmiljø.



**Desentraliserte kompetansemidlar.** Frå og med 2017 starta Kunnskapsdepartementet innføringa av ei varig desentralisert ordning for kompetanseutvikling (Dekom). Ordninga skal og stimulere til eit langsiktig samarbeid mellom kommunane og universitet og høgskular (UH-sektor). Dei fire Jærskulekommunane samarbeider med Sandnes og Dalane-kommunane i denne ordning. Det vidare samarbeidet om skuleutvikling i Time, Hå, Gjesdal og Klepp må sjåast i samanheng med arbeidet som vert gjort i Dekom-samarbeidet.

**Skulebasert kompetanseutvikling og organisasjonsutvikling** må arbeidast vidare med. Leiing i skulebaserte kompetanseutvikling er grunnleggjande. Lærarar peikar og på kor viktig leiing er. I ei undersøking frå april 2019 om lærarar si vurdering av eigen kompetanse knytt til Profesjonsfagleg didaktisk kompetanse (PfdK), er kompetansebehovet størst for lærarane innan «kompetanse og utvikling».

**Skuleeigarnivået- Tett på.** Skuleeigar er både på politisk nivå og administrativt nivå tett på skuleutviklinga av kvar skule. Dette er viktig for skulane sin utvikling både med å utfordre skulane, rettleie skulane og til å støtte skulane når det trengs. Skulesjefane har god oversikt over eigne skular og har tett oppfølging av skulane i eigen kommune. Alle kommunane har no ei organisering der ein samarbeider meir tverrfagleg om born og unge sin oppvekst i eigen kommune. Samarbeidet er knytt til heile løpet frå fødsel til vidaregåande opplæring i kvar kommune. Skulesamarbeidet skal og balansere mellom identiteten ein har felles i Jærskulen og den kommunen har i sin identitet.

**Læringsyn:** Medskaping som uttrykk for eit syn på læring er det sagt noko om i starten av denne evalueringa. I Jærskulen har medskaping vore eit uttrykk for det utvida samarbeidet mellom tillitsvalde og tilsette med fokus på god undervisning og elevane si læring. I det vidare arbeidet må partssamarbeidet ligge til grunn for det utviklingsarbeidet ein gjer.

## Konklusjon

Dette dokumentet er utarbeida som eit grunnlag for evalueringa. Det er investert mykje og godt arbeid i Jærskulen. Gjennom samarbeidet på ulike nivå er det etablert gode føresetnader for skuleutvikling og profesjonsutvikling.

Jærskulen vart etablert som eit forpliktande samarbeid om skuleutvikling i 2013. Prosjektet vert avslutta no sommaren 2019. Denne hovudevalueringa har synt at det er etablert gode føresetnadar for å fortsetja samarbeidet om skuleutvikling under paraplyen «Jærskulen». Denne evalueringar rådar til at ein fortset samarbeidet med Jærskulen i dei fire kommunane, og at rådmennene får fullmakt frå kommunestyra til å gjera dei organisatoriske endringane som organisasjonen treng for å vidareføre samarbeidet.

Det er komplekse samanhengar mellom tiltak og resultat i skuleområdet, men hovudevalueringa syner at ideane som ligg til grunn for mål og prinippdokumentet frå 2011 har festa seg hjå tillitsvalde, skuleleiarar og skuleeigarar. Det er og mange positive tilbakemeldingar frå lærarar. Kvaliteten på prosessar heilt ut i Jærskulen kan gjerast endå betre framover, men ein kan seie at Jærskulen i stor grad har lykkast med profesjonsutviklinga, og at det har vore ein vellykka samarbeidsdriven innovasjon i Time, Hå, Gjesdal og Klepp kommunar.



## Kjelder/Relevante dokument

Mål og prinsippdokumentet for Jærskulen, 2011 <http://www.jaerskulen.no/f/p38/i372a28c5-85ef-4539-9467-8da330ae50f0/jarskulen-mal-og-prinsippdok.pdf>

Tilstandsrapportar for Jærskulen 2014, 2015, 2016, 2017 og 2018 <http://www.jaerskulen.no/om-oss/>

Midtvegsevaluering 2016, <http://www.jaerskulen.no/f/p38/ie38f0bdf-a2df-4074-852b-19ed9c8f9b4d/2016-evaluering-og-forslag-til-videre-strategi-jarskulen.pdf>

Innovasjonar i Jærskulen 2016 <http://www.jaerskulen.no/f/p38/idce3418b-60b1-4e59-9ea4-0fd494e22acf/innovasjoner-i-jarskulen-rapport-fra-uis.pdf>

Internasjonalt prosjekt, Erasmus +: CLAE (*Critical Literacies and Awareness in Education*), [www.clae.no](http://www.clae.no)

Desentralisert kompetanseutvikling I region Sør, Rogaland. - Bakgrunnsdokument for desentralisert ordning med kompetansemidler. Samarbeid mellom Dalane, Sandnes og Jærskulen 2018

Dahl m.fl. (2016). *Om lærerrollen – Et kunnskapsgrunnlag*. Bergen: Fagbokforlaget

Fullan, M. & Quinn, J. (2015). *Coherence: The right drivers in action for schools, districts, and systems*. Thousand Oaks, CA: Sage publications.

Fullan, M (2017). *Ledelse som setter spor*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk

Hargreaves, A. & Fullan, M. (2012). *Professional capital. Transforming teaching in every school*. London & New York: Routledge.

Hargreaves & Shirley (2012). *Den fjerde vei*. Gyldendal

Christensen, Horn and Staker. (2017) *Blended: Using Disruptive Innovation to Improve Schools*.

Roald, K (2012). *Kvalitetsvurdering som organisasjonslæring. Når skole og skoleeigar utviklar kunnskap*. Bergen: Fagbokforlaget

Robinson, V. (2012). *Elevsentert skoleledelse*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk

Robinson, V.(2018). *Færre endringer- Mer utvikling*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk

Øyum-Jakobsen, K. (2011): - . Om partssamarbeid i skolen. Masteroppgave i skoleledelse. NTNU [https://www.ntnu.no/documents/1021451972/1267794402/jacobsen\\_2011.pdf/7e519dfc0e4a-4968-a502-f544771e24e4](https://www.ntnu.no/documents/1021451972/1267794402/jacobsen_2011.pdf/7e519dfc0e4a-4968-a502-f544771e24e4)

NOU 2014:7 (2014). *Elevenes læring i fremtidens skole. Et kunnskapsgrunnlag*. Oslo: Kunnskapsdepartementet.

KD (2015) *Fremtidens Skole. Fornøyelse av fag og kompetanser*. Oslo: Kunnskapsdepartementet (KD).

St. meld 22 (2010-2011) *Motivasjon-Mestring-Muligheter* Oslo: KD

St. meld 28 (2015-16). *Fag-Fordypning-Forståelse, En fornying av Kunnskapsløftet*. Oslo: KD

St. meld 19 (2015-16). *Tid for lek og læring, bedre innhold i barnehagen*. Oslo: KD

St. meld 21 (2016-17). *Lærelyst – tidlig innsats og kvalitet i skolen*

OECD. (2013). *Leadership for 21st century learning*. Educational research and innovation. doi: 10.1787/9789264205406-en

*Mange fleire bøker og dokument har og vore relevante for Jærskulen i desse 6 åra. Dette er eit utval som vert vist til i denne evalueringa.*





## Vedlegg: Korleis evaluerte utvala Jærskulen i april 2019?

### 1. Kva tenker utvalet har vore bra med Jærskulesamarbeidet? Kvifor?

<b>K L E P P</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Det har vore mykje positivt med Jærskulen</li> <li>• Det har vore gode Jærskulesamlingar – gode kurs – fagleg bra             <ul style="list-style-type: none"> <li>◦ Jærmuseet, Bryne, Kongeparken</li> </ul> </li> <li>• Det er fornuftig å gjera ting i lag</li> <li>• Fellesskap med andre er bra – kva er kommunar/politikarar i dei 4 kommunane opptekne av</li> <li>• Høyringar/uttale i saker – står sterkare saman</li> <li>• Felles utlysing av lærarstillingar</li> </ul>
<b>T I M E</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Det er bra at det er forskingsbasert. Fremma kvaliteten i skulen - overordna fokus - folk merkar seg namnet - kvalitet.</li> <li>• Positivt at det er knytt til ein region</li> <li>• Går frå mål i Jærskulen til kommunale mål og ut i den enkelte skule er bra.</li> <li>• Organisering - tilstandsrapport og forankring i politisk nivå gjer at ein blir veldig bevisst på innhald.</li> <li>• Skuleutvikling er det viktigaste ein gjer - vanskeleg å nå ut til alle - men dette er Jærskulen veldig gode på.</li> <li>• Time kunne blitt snevre og «navlebeskuande». Å sjå saman med andre over tid og arbeide saman, erfaringar, læra av kvarandre er ein stor gevinst for alle.</li> <li>• Lærarar veit ikkje alltid kva som skjer i Jærskulen , men vi ser at det som skjer i skulen er eit resultat av det som skjer i Jærskulen.</li> <li>• Digitale verktøy - lære saman - stordriftsfordelar.</li> <li>• Samarbeid med andre er bra. Fått kontakt med andre - politisk samarbeid har og vore bra.</li> <li>• Positivt at ein kan eksperimentera.</li> <li>• Vi får samanlikne oss - sunn konkurranse. «VI gjer kvarandre gode.»</li> <li>• Jærskulane i positiv utvikling. Likheiter og ulikheiter mellom kommunane bra. Drøftingar er gode på tvers.</li> <li>• Spennande reise å ha vore med på. Svevande i starten, men nå utvikla seg godt.</li> <li>• Ein kjem saman kommunevis, erfaringsutveksling Når vi ser på eigen kommune - kan vi sjå på korleis dei andre arbeider.</li> <li>• Ein får personlege møte med andre i samarbeid (andre politikarar, andre skular etc)</li> <li>• Nettverk for leiarar er positivt.</li> <li>• Jærskulen viser kvalitet.</li> <li>• Alle skulane blir tvungne til å følgje med på kva som skjer. Handlingsrom i skulane og kommunane likevel er bra.</li> <li>• Bra at barnehagane nå er trekt meir med.(Inkluderande skule og barnehagemiljø)</li> <li>•</li> </ul>
<b>H Å</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Setter Hå på kartet, hvor er vi sammenlignet med andre.</li> <li>• Holder oss på tå hev, er offensive, vil ikke være dårligst i klassen</li> <li>• Hva bør vi jobbe med?</li> <li>• Bra med faglig samarbeid, videre syn gir inspirasjon</li> </ul>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bra med felles utlysing av stillinger og rekrutteringskvelder</li> <li>• Bra med kurs</li> <li>• Den årlige samlingen gir en god ramme, bra for politikerne. Treffer politikerne i andre kommuner.</li> </ul>
<b>G J E S D A L</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gode Jærskolesamlinger, faglig bra</li> <li>• Lærerikt</li> <li>• Godt innsyn for oss politikere</li> <li>• Gode nettverk for skolene selv</li> <li>• Gode dokumenter og rapporter å lese</li> <li>• Gode gruppearbeid på samlingene. Interessant å dele erfaringene med andre lokalpolitikere på Jæren</li> <li>• Kjekt å høre skryt av Gjesdalskolen</li> <li>• Positivt at lærerne opplever av politikerne er engasjert.</li> <li>• Videre horisont</li> <li>• Mindre konkurranse på arbeidsmarkedet</li> <li>• Dele gode tanker/erfaringer mellom 4 kommuner</li> <li>• Årsmøtet</li> <li>• Mange gode «input» / samme informasjon</li> <li>• Skolenettverk</li> <li>• Felles samlinger</li> </ul>

## 2. Kva kunne vore betre? Er det framlegg om korleis det kunne vore betre?

	Innspel frå kommunane	Svar frå utviklingsleiar mai 2019
<b>K L E P P</b>	<p>Har eit ønske om å sjå tal – kor mykje har det kosta kommunen</p> <p>Får vi fleire søkarar</p> <p>Er det godt nok forankra i lærarstaben?</p> <p>Er det godt nok forankra i elevflokket?</p>	<p>Økonomi er omhandla i evalueringa</p> <p>Jærskulen har hatt god søking samanlikna med kommunane rundt, men om det er meir enn det ville vore utan Jærskulen kan ein ikkje seie. Studentar som ein kjem i kontakt med har i stor grad positivt å seie om Jærskulen</p> <p>Jærskulen og arbeidet som vert gjort er forankra i leiinga. Evalueringa syner tydeleg at leiinga er sentral for å få til skuleutvikling på eigen skule. Det er forankra hjå lærarar, men ikkje i same grad som hjå leiarane og tillitsvalde</p> <p>Kva Jærskulen som er skuleutvikling skal vera for elevane har ein ikkje sett mykje på tidlegare. Elevane sitt læringsutbytte og</p>

T I M E	<ul style="list-style-type: none"> <li>· Det er kanskje ikkje blitt lettare å rekruttera? Stillingar - uansett rolle - søknadstalet er lågt. Kommunane arbeider og mot kvarandre i denne prosessen. Kan ein gjera noko arbeid her? Felles tid for freistar og opptak, sjå på lik lønn i dei ulike kommunane.</li> <li>· Felles rekruttering og ulik løn heng ikkje saman. Det ser ut for i søknad som likt å søkje, men dette er ulikt. Uryddig slik det er nå. Lik løn for lærarar og tilsette og leiarar.</li> <li>·</li> <li>· Det kunne blitt synleggjort kva dei enkelte skule får igjen i arbeidet som skjer i Jærskulen? Kunne skulane rapportert?</li> <li>· Ikkje sikkert alle lærarar veit kva det er og betyr. Er det for topptungt?</li> <li>· Burde det vore felles samlingar? For å binda saman og skapa ein likskap?</li> <li>· Språket må vera klart. Dette har blitt betre. Ganske heftig i starten.</li> <li>· Facebook-gruppe for politikarar slik at ein kan lese kva som skjer i Jærskulen ? Dele med politikarane på tvers.</li> <li>· Klarare definisjon på kva lærarar og foreldre skal «ha igjen» for Jærskulen.</li> <li>· Får ikkje svar på kor skulen hadde vore utan Jærskulen. Dette vart motargumentet med at Jærskulen har hatt effekt, og at ein blir for liten aleine. Time hadde vore dårlegare om ein ikkje hadde vore Jærskulen.</li> </ul>	<p>læringsmiljø er mål for arbeidet ein gjer i Jærskulen</p> <p>Forhandlingar om løn skjer kommunalt.</p> <p>Evnt rapportar frå skulane tar me med i det vidare arbeidet i kommunane.</p> <p>Større samlingar har vore gode og populære. I den grad ein skal ha fleire så må det henge saman med skulebaserte prosessar på eigen skule slik at ein får det inn i ein samanheng og ikkje vert «happeningar»</p> <p>Ønskjer politikarar på tvers i dei fire kommunane ei Facebook gruppe? Noko ein skal etablere med nye utval som er valt til hausten?</p> <p>Tek dette med i det vidare arbeidet</p> <p>Økonomi er det noko om i evalueringa</p>

	<ul style="list-style-type: none"> <li>· Økonomi: Kor mykje hadde det blitt om ein ikkje hadde hatt utgifter? Bør vera med i ei evaluering?</li> <li>· Då hadde det vore kvar kommune som måtte ta utgiftene. Ein er betre når ein er fleire.</li> </ul>	
<b>H Å</b>	<p>Har inntrykk av at en del spørsmål som danner grunnlag for statistikk er de samme fra år til år. Burde disse forandres? Eller ødelegger det for statistikken?</p> <p>Fokuserer vi vel mye på dette samarbeidet? Kan vi like gjerne samarbeide mellom våre egne skoler? Er vi gode nok til å få alt fra ledernivå ut i klasserommet?</p>	<p>Nokre indikatorarar som læringsmiljø og læringsutbytte er lovpålagt og det er difor rett at dei går igjen kvart år. Dei gjer også det fordi at ein kan samanlikne kommunen og evnt skulen med seg sjølv år for år.</p> <p>Kommunane kan og har og samarbeid mellom eigne skular. Leiar</p>
<b>G J E S D A L</b>	<p>Er det godt nok forankret i lærerstanden?</p> <p>Hvor gode er vi til å selge Jærskolen til lærerstanden?</p> <p>Kurs/samling for foreldre i Chromebook</p> <p>Har vi nok fokus på gevinsten til elevene gjennom Jærskolesamarbeidet?</p> <p>Er forankringen god nok ned til den enkelte lærer?</p> <p>Eierskap hos alle ansatte i skolen.</p> <p>Ser oss litt blinde på resultatene, tallene uten å se ned på detaljene</p> <p>Kan vi måle resultat på en annen måte?</p>	<p>Sjå svar over</p> <p>Er eit leiarspørsmål, men ein må vera tydeleg på målsetjing framover for kva me ønskjer Jærskulen evt skal vera framover</p> <p>Det er eit tips som me tek vidare til kvar kommune då ein har ulike strategiar her. Takk.</p> <p>Me har hatt mykje fokus på gevinsten for elevane gjennom Jærskulesamarbeidet, men me har ikkje fått så gode resultat som ønska</p> <p>Noko er lovpålagt mht resultatata, men med ny overordna del av læreplanen har skulen fått eit breitt mandat for danning og utdanning i skulen. Ein har forsøkt å vise til det både i tilstandsrapporten og i utviklingsarbeid på skulane, men ein kan og ønskjer å gjera ein endå betre jobb her framover i kommunane.</p>

## 3. Kva har Jærskulen betydd for politisk skuleeigarskap i din kommune?

<b>K L E P P</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Vi er blitt endå meir bevisst kor viktig skuleutvikling er</li> <li>• Vi er blitt endå meir bevisst kor viktig tidleg innsats er</li> <li>• Vi er ein del av ein større samanheng - samarbeid på tvers er bra</li> <li>• Vi har fått meir kunnskap om skulen</li> </ul>
<b>T I M E</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Mykje vart sagt sagt under pkt 1</li> <li>•</li> <li>• Set skulen meir på dagsorden.</li> <li>• Handlar om at ein set fokus på kvalitet og læring. Far meir fokus på dette i Jærskulen.</li> <li>• Rapportane (Tilstandsrapporten) har vore positivt og har stor betydning.</li> <li>• Samlingane kring tilstandsrapporten har vore nyttige. Positivt med eigen kommunal samling etterpå slik at ein kan gå i djupna etterpå.</li> <li>• Utviklingsområde - vore bra med tema på samlingane angående tilstandsrapporten.</li> <li>• Det er stor forskjell å få vera med til dei som ikkje ser heile bilete.</li> <li>• Hadde ikkje klart oss aleine - vi hadde søkt samarbeid med de andre. Nå har vi dette i Jærskulen.</li> <li>• Gjer oss meir bevisste som eigarar.</li> </ul>
<b>H Å</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Bevisstgjør oss på ansvaret som skoleeier i Hå.</li> <li>• Konkurransen mellom kommunene trigger.</li> <li>• Godt styringsverktøy. <ul style="list-style-type: none"> <li>• Gir oss god oversikt, og gjør det enklere å være politiker.</li> </ul> </li> </ul>
<b>G J E S D A L</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Både politikere og ansatte har fått en ny bevissthet rundt skolen.</li> <li>• Fått et bedre kunnskapsgrunnlag</li> <li>• Fått bedre innsikt i hva skolen betyr</li> <li>• Betydningen av tidlig innsats</li> <li>• Ser oss selv i en større sammenheng – å være i lag med andre kommuner</li> <li>• Løfter frem de gode eksemplene</li> <li>• Tenker mer skole enn hva vi ellers ville gjort</li> <li>• Bli mer bevisst</li> <li>• Godt informert</li> <li>• Skoleproffene gir oss mange aha-opplevelser</li> </ul>